



Luster kommune



# NYTT UNDER STOREN 2-17

## Internavis for Luster kommune

### Gode medarbeidar.

Sommaren er på hell og ferien er over for dei fleste av oss.

Me meiner me har grunn til å uffe oss over ferieværet, men eg håpar de likevel har hatt fin ferie og eit avbrekk som verkar positivt og at batteria er opplada når me tek tak igjen på arbeidsoppgåvene i Luster kommune.

Det meste av den kommunale kvardagen er årvisst med faste gjeremål og aktivitetar til faste tider. Den kommunale kvardagen går godt, ordinær og vanleg drift skal fungere frå dag til dag, og det er kjekt å registrere at dette stort sett går utan større problem. Drifta i sommarferien har igjen vorte takla på ein god måte og me står godt rusta for nytt skule- og barnehageår. Me ser og at det er attraktivt å besøke oss, reiselivssesongen 2017 teiknar til å verte den beste nokon gong.

Som eg skriv vis a vis her så vert det likevel ein noko spesiell haust grunna at her er økonomiske utfordringar i kommuneøkonomien. Rådmann har snakka om dei lenge og no er me inne i eit arbeid der målet er å betra budsjettbalansen. Me må ytterlegare på leit etter å realisere gevinstar ved å sjå på strukturar, organisere bedre, arbeide smartare og ta i bruk teknologi. Det vil og vere slik at det er aktuelt å slå av på krava til tilbod og tenester for å spare pengar.

Eg håpar me skal få til gode prosessar framover og eg håpar de som tilsette vil medverke.

Me skal prøve å informere godt og søke medverknad og innspel.

Det skal verta prioritert å ta godt vare på dei tilsette sine interesser i arbeidet.



*Garte Skarv*  
Rådmann

### «Luster 2020» - utviklingsarbeid.

Me tek i bruk «Luster 2020» som eit samleomgrep for eit arbeid med mål om at den kommunale aktiviteten skal vera tilpassa tilgjengelege økonomiske ressursar og ein sunn kommuneøkonomi.

For dårlege økonomiske resultat siste åra, forsterka av endring i inntektssystemet til kommunane i vår disfavour og ikkje minst svikt i kraftinntektene gjer at ubalansen i kommuneøkonomien ser ut til å bli i storleiksorden 25 million kroner pr år. Så stort beløp er uråd å tilpassa over natta med enkle grep. Det vert derfor lagt opp til at budsjettarbeidet for 2018 og 2019 må syna tiltak som rettar opp balansen slik at me i 2020 har ein betre og god balanse.

Dette er vedteke av kommunestyret i desember 2016 og ligg til grunn i budsjett og økonomiplan. Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.

I vårhalvåret har det vore gjort ein god del analyse- og vurderingsarbeid. Me har samanlikna vår drift, våre tilbod og tenester med andre kommunar. Det ligg føre to større rapportar; KOSTRA-analyse og Grunnlag for skulebruksplan. (de finn dei på heimesida.)

Å forbetra budsjettbalansen kan gjerast ved å redusere kostnader og/eller ved å auka inntekter eller ofte i ein kombinasjon. Det er og aktuelt no. Me har dei siste åra gjennomført tiltak om lag i den storleiksorden som er utfordringen no, 25 mill. At me alt har stramma inn betyr at det er meir krevjande å komma vidare ned. Men prognosane som no ligg føre er tydelege på at det som er gjort ikkje er nok. Røft kan det seiast at budsjettbalansen er forbetra med 5% (25 mill) og at 5% (25 mill) gjenstår. (brutto er kommunebudsjett på om lag 500 mill.)

Analyse og kartleggingsarbeidet syner høge kostnader i kommunen, omfattande tilbod og tenester og på fleire område tilbod og tenester utover det som er pålagt kommunane.

På grunnlag av oppdrag og analysearbeidet ligg det føre nokre føringar:

- Når det gjeld omsorgstenesta så er det lagt til grunn at arbeidet med omstillingsarbeidet som pågår skal vidareførast. Så langt som på nokon måte mogeleg skal den økonomiske ramma fastsett i 2017 følgjast i det vidare arbeidet.
- Når det gjeld grunnskule så er det føresett at rådmann utarbeidar ein form for skulebruksplan som grunnlag for vidare arbeid og prioriteringar. I arbeidet må og dei høge kostnadane til spesial-pedagogisk undervisning vurderast nærare.
- Det er vidare føresett at område der KOSTRA-analysen syner høge kostnader skal ha eit spesielt fokus for ev innstrammingar og redusert ressursbruk. Utover grunnskule så er det administrasjon, helse, kultur, næring og teknisk område som peikar seg mest ut for nærare vurdering.
- Generelt må me i budsjettarbeidet arbeide fram kostnadseffektive løysingar, gjere prioriteringar, vurdere potensiale for auka inntekter, henta ut gevinstar på digitalisering og effektivisering.

Det er og bestemt at utviding av eigedomsskatteordninga skal vurderast som deltiltak for å betra den økonomiske balansen.

Når me no meir konkret startar arbeid med konkrete tiltak så vil me prøve å informere godt om dette. Det vert møte med hovudtillitsvalde 23.08 om arbeidet og me arbeider no med korleis arbeidet skal organiserast. Tillitsvalde vil få del i dette og dei tilsette som ev vert meir direkte råka av ev endringar skal få kome med innspel i arbeidet. Ein viss reduksjon i samla bemanning i kommunen er eit sannsynleg tiltak som må til. Det vil vere eit klart mål at ingen fast tilsette skal seiast opp. Oppgaveendringar og omorganisering kan likevel medføra endringar for tilsette. Det er aktuelt å nytta noko ekstern rådgjeving i vidare arbeid. Formannskapet vil i møte 30.08. gi nærare føringar og rammer for arbeidet.

# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),  
perioden 01.03.2017 - 02.09.2017

## Velkomen!

### Luster omsorgssenter:

Truls Langnes – assistent  
Karoline Ynnesdal – assistent

### ATS:

Paul Frantzen – arbeidsterapeut

### Gaupne omsorgssenter:

Marianne Bergum – assistent  
Malin Aaland Brun – miljøterapeut

### Luster ungdomsskule:

Mirjam Tverberg – lærar  
Stine Solvi – lærar  
Randi Vikhagen Gjeitnes – lærar  
Agnese Bremere – lærar

### Hafslo barne- og ungdomsskule:

Solveig Bang – lærar

### Gaupne skule:

Stine Marie Flikki – lærar  
Håvard Kastet – fast lærarvikar for Luster ungdomsskule,  
Gaupne skule og Luster vaksenopplæring

### Luster vaksenopplæring:

Birgit Berg Hustveit – lærar  
Rune Eide Stenehjem – lærar

### Luster oppvekstsenter:

Siri Anne Skagen – miljøterapeut  
May Grete Lerum- barnehagelærer/fagarbeidar

### Gamlestova barnehage:

Ingrid Ødegård – barnehagelærer

## Takk for innsatsen!

### Luster legekontor:

Anne Kjær Schmidt – lege

### Hafslo omsorgssenter:

Jostein Cirotzki – hjelpepleiar  
Lisbeth Olstad Servold – vernepleiar

### Gaupne omsorgssenter:

Inger Ekrene

### ATS:

Anne Margrete Vedvik

### Teknisk drift:

Andres Steinar Molland

### Luster ungdomsskule:

Elin Heggstad – lærar  
Oda Heidi Bolstad – lærar  
Aud Teigen – lærar  
Synnøve Fortun – lærar  
Caroline Fagerheim – lærar  
Björg Molland – kontormedarbeidar (flytta til Servicetorget)



# Informasjon

## ”Ny-tilsett dag”:

Tysdag 5 september, føremiddag, vil alle nye, fast tilsette bli invitert til seminar i kommunestyresalen. Ordførar, rådmann og PO vil informere om kommunen som arbeidsgivar. Dei det gjeld får eigen invitasjon. Samlinga blir avslutta med felles lunsj.

## Vernerunde:

I vår fekk leiarar og verneombod opplæring i føremålet med og gjennomføring av vernerunde. Vernerunde skal no vere gjennomført i alle einingar i Luster kommune. Einingsleiar er ansvarleg for å ta initiativ til gjennomføringa. Verneombod er ansvarleg for å delta og sjå til at vernerunde blir gjennomført.

## Medarbeidarundersøkinga 2017:

Er du tillitsvalt eller tilsett i Luster kommune? Har ikkje eininga di gått gjennom resultatata frå medarbeidarundersøkinga? Har de ikkje diskutert resultatata og valt ut kva de i lag vil jobbe vidare med? Då kan du be leiaren din om at dette blir gjort. Tillitsvalte og andre tilsette har ansvar for å bidra positivt til utvikling av eit godt arbeidsmiljø!

## Lokale lønsforhandlingar:

I år er det lokale lønsforhandlingar med oppstartsmøte med dei Hovudtillitsvalte den 23. august. Det skal forhandlast for kap. 3, 4 og 5 i september/oktober.

## Lønsslipp

Frå 01.01.18 vil lønsslippen bli overført til dokumentarkivet til kvar tilsett og ikkje lenger komme via e-post. Dokumentarkivet finn ein ved å gå inn på fana tilsette på Luster kommune si heimeside og deretter logge seg inn. Det vil i god tid før 01.01.18 bli sendt ut detaljert informasjon om framgangsmåte.

### Sjekk din kommunale e-post!

Nyttig informasjon kan gå tapt om du ikkje jamnleg loggar inn på din kommunale e-post.

### Følg Luster kommune på Facebook!

Her legg me ut informasjon det kan vere nyttig å få med seg. Me set pris på om du og vil lika sida vår.



## Ny rektor/styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter

Inger Marie Evjestad er tilsett som ny rektor og styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter.

Inger Marie har ein variert og solid skulebakgrunn som både lærar, rektor og tidlegare skulefagleg ansvarleg i Luster kommune. Dei siste åra har ho hatt regionale prosjektstillingar; først som prosjektleder i Sogn og Fjordane for den nasjonale skulesatsinga kalla GNIST og sidan 2014 som utviklingsrettleiar i region Sogn for Ungdomstrinn i utvikling, den nasjonale satsinga på kompetanseutvikling og utviklingsarbeid i ungdomsskulane.

Inger Marie vil ta over stillinga som rektor/styrar etter nærare avtale i månadsskiftet september/oktober.

## Nye lærlingar i Luster kommune:

I løpet av våren, sommaren og hausten er fleire lærlingar i Luster kommune ferdige med læretida si og har bestått fagprøven i sitt fag. I løpet av juli og august startar det seks nye lærlingar hjå Luster kommune:

### Helsefag:

- Lene Bolstad
- Malin Tanita Stave Kolseth
- Bente Bergum

Helsefaglærlingane skal i løpet av dei to åra læretida varer innom fleire av omsorgsinstitusjonane i Luster.

### Barne – og ungdomsfag:

- Eline Fossøy
- Marita Gjerde

Barne –og ungdomsfaglærlingane skal innom fleire av skulane og barnehagane i løpet av læretida si.

### IKT – dataelektronikk

- Klaidas Mockapetris

IKT lærlingar har base på rådhuset, men har og oppdrag rundt om på skulane, barnehagane og omsorgsinstitusjonane.

Mange tilsette hjå oss har tatt på seg å være faglege leiarar og instruktørar for lærlingane. Dei er med på å sikre framtidig utdanna og kompetente arbeidstakarar både for offentlege og private verksemdar. Dei er viktige og gode representantar for Luster kommune.

Me ynskjer lærlingane, dei faglege leiarane og instruktørane lykke til med læretida og fagprøven når den tid kjem!

## Styrka IKT-ressurs oppvekstområdet.



Håvard Takle Sanden er tilsett i 20% stilling for driftsstøtte og kompetanseutvikling IKT innan oppvekst.

Arbeidsoppgåvene vil vera retta inn mot det fagleg pedagogiske, opplæring og rettleiing. Han vil arbeide på onsdagar, litt ut frå kontoret på rådhuset samt ute i einingane.

## Årshjulstiltak 2017



### Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding
- Medarbeidarundersøking
- Leiardialogen
- Tertialrapport T1
- Vernerunde
- Medarbeidarsamtale

### Igangsette tiltak:

- Tenesteplan

### Komande tiltak:

- Introduksjonsseminar
- Tertialrapport T2
- Budsjett og økonomiplan
- Brukarundersøking Omsorg

## Harriet er ny dagleg leiar ved Lustrabadet



Harriet Susan Hamilton Frøiland starta som ny dagleg leiar i Lustrabadet den 1. juni 2017. Ho bur i Sogndal saman med familien sin.

Ho har kombinert bachelor og mastergrad innanfor leiing, internasjonal

forretning og økonomi frå både England og Frankrike, og har dei siste 14 åra tileigna seg arbeidserfaring som gründer, dagleg leiar og sjølvstendig næringsdrivande av ein klesbutikk i Sveits, gründerverksmed med forretningsutvikling innan telekommunikasjon i Gambia og omfattande arbeidserfaring frå offentlig norsk forvaltning gjennom rettleiar- og konsulentstillingar i mellom anna NAV og Statens lånekasse for utdanning.

